

## Øltjuven vart fotografert

■ **EID:** Like over midnatt natt til laurdag fekk politiet melding om innbrot i ein daglegvareforretning på Eid. Det viste seg at fire-fem sekspakningar med øl var stolne.

Det den øltørste og ubedne gjesten ikkje tenkte var at lokalet var videoovervaka, og politiet har bilete av gjemingsmannen. Saka vert vidare etterforska av lensmannen i Eid.

## Ønskjer større landbruksmakt

■ **POLITIKK:** Fylkeskommunen meiner at den fekk overført for lite ansvar for landbrukspolitikken i samband med forvaltningsreforma. – Det manglar verkemiddel, og utviklinga er avhengig av del nasjonale føringane som gjeld til kvar tid, skriv fylkesdirektøren for næring. Han ber departementet vurdere å gi fylkeskommunen reell landbrukspolitisk makt, gjerne kombinert med auka økonomiske verkemiddel.

## Hadde promille, men ikkje førarkort

■ **FØRDE:** Politiet i Førde kom over ein bilfører i 30-åra i samband med eit anna oppdrag laurdag. Det viste seg at føraren køyrde med promille, men utan førarkort. Patruljen ante uråd og føraren bestod ikkje i blåsetesten. Utslaget var raudt, og føraren vart teken med til blodprøvetaking og vidare rett i avhøyr. Føraren hadde ikkje førarkort og bilen blei avskilta for å hindre vidare bruk.



SUKSESSBEDRIFT: Håjen kafé sel lokalproduert gardsmat, under leiinga av Aud Slettehaug. Kafeen burde hamna på lista over suksessbedrifter, meiner mellom anna Kaare Nøstdal.

Arkivfoto: Ingunn Osland.

# Suksessbedrifter? Javisst!

**NAUSTDAL:** Det kommunale apparatet forsømmer seg grovt når dei ikkje greier å få fram kva som finst av gode bedrifter, meiner Kaare Nøstdal.

KATRINE SELE  
katrine.sele@firda.no 91149824

I fredagsvisa omtalte Firda eit nasjonalt forskingsprosjekt om næringslivet i kommunane. Næringsjefar i heile landet har blitt bedne om å ramse opp konkurransemessige fordelar ved

## Naustedølar provoserte over nedslåande liste

kommunen sin, kvar dei meiner vekstpotensialet er og kva bedrifter som har suksess.

Ifølgje undersøkinga var Naustdal den einaste kommunen i Sogn og Fjordane som var heilt utan suksessbedrifter.

### – Vi har mange

Kaare Nøstdal er blant dei som har reagert sterkt på dette. Nøstdal er pensjonist, og leiar i Nansen Human Foundation, der han jobbar med 150-årsjubileet for Fridtjof Nansen. Tidlegare har

han hatt eit mangfaldig yrkesliv, hovudsakleg innan marknadsføring. Mellom anna var han med på å etablere Norges Handikapforbund i Sogn og Fjordane, Firda Produkt og Hjelpemiddelsenstralen.

– Eg går utifrå at når ein definerer ei suksessbedrift, tek ein utgangspunkt i oppdragsmengde, økonomi og kundetilfredsheit. Utifrå dei kriteria har vi mange suksessbedrifter i Naustdal! seier Nøstdal.

Han ramsar opp gardsmatpro-

duzenten Håjen, Naustdal Blikkenslagerverksted, Røyseth Maskin, Reiakvam Rørservice, Naustdal Elektro, Undal Elektro, Jan Hindøy Ingerniørtjenester, Norgeshus Naustdal Bygg, Sunnfjord Golv og Måling og Skilbri Rune Maler. Ein annan innringjer nemner i tillegg Tuna Samdrift i Åsedalen og Helle Sag.

### – Manglar kunnskap

Han stussar over at kommunen ikkje har greidd å trekkje fram ei einaste av desse bedriftene.

## SUKSESSBEDRIFTER

■ Som eit ledd i eit nasjonalt forskingsprosjekt, vart næringsjefar i fylket bedne om å liste opp suksessbedrifter i sine kommunar. Naustdal hadde ingen.

– Dei som sit og bestemmer, har for lite kunnskap om kommunen, og greier ikkje marknadsføre det dei faktisk har. Det er demotiverande for bedriftene sjølve, som hadde fortent heider, og lite inspirerande for ungdommen, meiner Nøstdal.

## – Eit flott næringsliv med mange småbedrifter

Ordførar Håkon Myrvang er samd i at Naustdal har mykje å skryte av innan næringsverksemd, og er usikker på korleis kommunen hamna på jumboplass i undersøkinga.

– Vi har veldig mykje bra, og fleire bedrifter som har vore gasellebe-

drifter. Håjen gardsmat er ein imponerande aktør, og vi har gode entreprenørbedrifter, mekaniske bedrifter og røyrliggjarar, seier Myrvang.

Han tek kritikken frå Nøstdal til etterretning, men er samstundes usikker på kvifor Naustdal vart lista opp med ingen suksessbedrifter. Kommunen har ikkje

eigen næringssejef, så det er uklart kven som har svart på undersøkinga.

– Veit kommunen for lite om eige næringsliv?

– Eg trur ikkje det. Kontakten er god. Sunnfjord Næringsutvikling er næringsapparatet vårt, i tillegg til ein nyttilsett samfunnsutviklar. Vi jobbar målretta med å

leggje til rette for nytt næringsareal, og skape fleire arbeidsplassar – målet er 100 nye i løpet av fem år, seier Myrvang.

– Samtidig ser vi at det er få kommunar i landet som har færre bedrifter enn Naustdal, sett i forhold til folketalet. Difor er det ekstra viktig at vi greier å ta tak i desse utfordringane.

VI HAR GODE SOMMAR-  
DEKK TIL KNALLPRISAR +  
GRATIS MONTERING  
PÅ FELG

**Opus**

Halbrendøyra 7,  
Førde, tlf. 57 82 99 00